

Også landbruks-innslag i valmøtet

29.08.2011



Bondene markerte seg også under aktivitetsdagen på forsommaren (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag om ei veke - 5. september - skal Dialogforumet i Uskedalen Utvikling halda valmøte klokka 19 i Aktivitetshuset. Der blir også landbruket gitt stor plass, opplyssar Sigurd Børve til uskedalen.no.

Det er det gjenstarta bondelaget i bygda som har teke kontakt og som ynskjer ein eigen bokl om næringsutviklinga innan landbruket. Arrangørane ser det som naturleg å ha med eit slikt innslag i møtet

Ellers har Dialogforumet så langt berre fått stadfesting om deltaking frå Framstegspartiet og SV, men dei reknar med at også dei andre partia kjem til å stilla med toppkandidatane sine.

Andre saker som kjem til å stå sentralt er gang- og sykkelveg vidare frå bruа, som dei fleste partia har på programma sine, og renoveringa av skulen. Lag og organisasjonsarbeid kjem også til å vera eit viktig tema og kommuneøkonomien vil koma i fokus - naturleg nok.

Innleiingsvis er det ynskjeleg at partia presenterer si overordna vurdering av denne og sine tiltak for å sikre eller betre den økonomiske stoda. Eit spørsmål som vil bli stilt er dette: Er det store økonomiske/finansielle utfordringar eller er handlefridomen god?

i tillegg til Børve er det Bjørn olav Tveit, Bjarte Døssland og Steinar Haugland som står som innbydarar. Før ferien var det eit førebuingsmøte som fekk mange aktuelle tema på bordet.

Av Ola Matti Mathisen